



Utvalg: Kontrollutvalet
Møtestad: Kommunestyresalen, Kommunehuset i Samnanger
Dato: 20.04.2016
Tidspunkt: 14:00 – 19:10

Før møtestart blei det gjennomført kurs i regi av Deloitte v/Bjarne Ryland, med tema «Grunnleggande innføring i kommunerekneskap». Kontrollutvalet og ordførar deltok her.

Følgjande faste medlemmer møte:

Navn	Funksjon	Representerer
Brigt Olav Gåsdal	Leiar	AP
Svein Verner Røseth	Medlem	FRP
Vibeke Bohre Våge	Medlem	H
Øystein Foss, tom PS 27/16	Medlem	BL

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Navn	Funksjon	Representerer
Anne Tandstad	Nestleiar	SP

Følgjande varamedlemmer møte:

Navn	Møtte for	Representerer
Evelyn Frøland, tom PS 27/16	Anne Tandstad	BL

Merknader

Andre som møte:

Navn	Stilling
Bjarne Ryland	Partner/reknesk.revisor Deloitte - i heile møtet unnteke PS 21/16, PS 22/16 og PS 28/16
Gunnar Husabø	Forvaltn.revisor Deloitte i heile møtet unnteke PS 28/16
Maia Finnes Sollid	Forvaltn.revisor Deloitte i heile møtet unnteke PS 28/16
Knut Harald Frøland	Ordførar – i heile møtet, unnteke PS 28/16
Tone Ramsli	Rådmann i PS 19/16
Nina Erdal	Økonomisjef i PS 19/16
Kari Nygard	Seniorrådgjevar Hordaland fylkeskom. i heile møtet

Brigt Olav Gåsdal
utvalsleiar

Kari Marie Nygard
utvalssekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
PS 17/16	Godkjenning av innkalling og sakliste		
PS 18/16	Godkjenning av protokoll frå forrige møte		
PS 19/16	Årsrekneskap 2015 for Samnanger kommune, uttale frå kontrollutvalet		2016/38
PS 20/16	Årsrapport frå skatteoppkrevjar og kontrollrapport frå Skatteetaten for 2015 - Samnanger kommune		2016/79
PS 21/16	Overordna analyse og plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2016 - 2020 - Prosessmøte 1		2015/131
PS 22/16	Overordna analyse og plan for selskapskontroll for perioden 2016 - 2020 - Prosessmøte nr. 1		2015/65
PS 23/16	Årsmelding for kontrollutvalet i Samnanger kommune for 2015		2016/81
PS 24/16	Konsekvensar for vedteke budsjett for kontroll- og tilsynsarbeid - søknad om ekstraløyving		2016/37
PS 25/16	Referatsaker		
RS 5/16	Utvalet sitt kvarter		2014/240
RS 6/16	Budsjettbrev for Samnanger kommune frå Fylkesmannen		2016/38
RS 7/16	Avisartikkel frå Kommunal Rapport vedr. Samnanger sitt budsjett		2016/38
RS 8/16	Avisartikkel frå Samningen vedr. konsulenthjelp		2016/38
RS 9/16	Rekneskapsoversyn pr. 12.04.16 for kontrollutvalet sitt budsjett		2016/37
RS 10/16	Kontrollutvalet sin møterett i generalforsamlingar		2015/65
PS 26/16	Gjennomgang av møteprotokollar frå andre utval		2015/133
PS 27/16	Eventuelt		
PS 28/16	Konkurransetsetting av revisjonstenester for Samnanger kommune - Val av revisor		2014/238

PS 17/16 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 20.04.2016

Handsaming i møtet:

Det var ingen merknader til innkalling eller sakliste.

Vedtak:

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjent.

PS 18/16 Godkjenning av protokoll frå forrige møte

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 20.04.2016

Handsaming i møtet:

Det kom ingen merknader til protokoll frå møte i kontrollutvalet 23.02.16.

Vedtak:

Møteprotokoll frå møte 23.02.16 vart samrøystes godkjent.

PS 19/16 Årsrekneskap 2015 for Samnanger kommune, uttale frå kontrollutvalet

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet vedtek utkast til uttale om Samnanger kommune sin årsrekneskap for 2015.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 20.04.2016

Handsaming i møtet:

Rådmann, økonomisjef, revisor og ordførar var tilstades under handsaminga av saka. Rådmann og økonomisjef presenterte den avlagde rekneskapen, informerte om hovudtal og bakgrunn for resultatet som nå ligg føre. Ansvarleg revisor Bjarne Ryland presenterte revisjonsmelding og revisjonsrapport og kommenterte revisjonen sitt arbeid med årsrekneskapen.

Kontrollutvalet drøfta saka og forslag til uttale som låg føre. Det kom forslag om å gjera nokre endringar /tillegg i forslag til uttale. Desse endringane vart vedteke.

Forslag til vedtak, inkludert endringane i uttalen, vart samrøystes vedteke

Vedtak:

Kontrollutvalet vedtek utkast til uttale om Samnanger kommune sin årsrekneskap for 2015 med dei endringar som kom i møtet.

PS 20/16 Årsrapport frå skatteoppkrevjar og kontrollrapport frå Skatteetaten for 2015 - Samnanger kommune

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet merkar seg at Skatteetaten konkluderer med at Samnanger kommune har ein skatteoppkrevjarfunksjon som i det alt vesentlege vert utført på ein tilfredstillande måte.
2. Kontrollutvalet ser det som positivt at Samnanger kommune i 2015 har nådd kravet om 5 % arbeidsgjevarkontrollar, ved at det er gjennomført 5,4 % kontrollar.
3. Kontrollutvalet vil peika på at det vil vera viktig for kommunen å sikra at skatteoppkrevjar har tilstrekkeleg ressursar til å oppfylla minstekravet når det gjeld gjennomføring av arbeidsgjevarkontrollar, også vidare framover.
4. Årsrapport frå skatteoppkrevjaren i Samnanger kommune og kontrollrapport frå Skatteetaten for 2015 vert teke til orientering. Uttalen frå kontrollutvalet vert sendt kommunestyret til orientering.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 20.04.2016

Handsaming i møtet:

Årsrapportane vedr. skatteoppkrevjing vart kort gjennomgått og kommentert. Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

1. Kontrollutvalet merkar seg at Skatteetaten konkluderer med at Samnanger kommune har ein skatteoppkrevjarfunksjon som i det alt vesentlege vert utført på ein tilfredstillande måte.
2. Kontrollutvalet ser det som positivt at Samnanger kommune i 2015 har nådd kravet om 5 % arbeidsgjevarkontrollar, ved at det er gjennomført 5,4 % kontrollar.
3. Kontrollutvalet vil peika på at det vil vera viktig for kommunen å sikra at skatteoppkrevjar har tilstrekkeleg ressursar til å oppfylle minstekravet når det gjeld gjennomføring av arbeidsgjevarkontrollar, også vidare framover.
4. Årsrapport frå skatteoppkrevjaren i Samnanger kommune og kontrollrapport frå Skatteetaten for 2015 vert teke til orientering. Uttalen frå kontrollutvalet vert sendt kommunestyret til orientering.

PS 21/16 Overordna analyse og plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2016 - 2020 - Prosessmøte 1

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tek, på bakgrunn av prosessmøte 1, analysearbeidet for forvaltningsrevisjon så langt til orientering.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 20.04.2016

Handsaming i møtet:

Gunnar Husabø og Maia Finnes Sollid frå Deloitte orienterte om arbeidet med overordna analyse til no. Kontrollutvalet spelte risikospel og kom med innspel til arbeidet vidare.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kontrollutvalet tek, på bakgrunn av prosessmøte 1, analysearbeidet for forvaltningsrevisjon så langt til orientering.

PS 22/16 Overordna analyse og plan for selskapskontroll for perioden 2016 - 2020 - Prosessmøte nr. 1

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tek, på bakgrunn av prosessmøte 1, analysearbeidet for selskapskontroll så langt til orientering.

Saksprotokoll i Kontrollutvalet - 20.04.2016

Handsaming i møtet:

Gunnar Husabø frå Deloitte orienterte om arbeidet med overordna analyse, og viste til selskap som Samnanger kommune har eigardelar i. Kontrollutvalet kom med innspel til arbeidet vidare.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kontrollutvalet tek, på bakgrunn av prosessmøte 1, analysearbeidet for selskapskontroll så langt til orientering.

PS 23/16 Årsmelding for kontrollutvalet i Samnanger kommune for 2015

Forslag til innstilling

Kommunestyret godkjenner årsmelding for kontrollutvalet for 2015.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 20.04.2016

Handsaming i møtet:

Årsmeldinga vart gjennomgått og kommentert. Det kom ikkje forslag til endringar. Forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Innstilling:

Kommunestyret godkjenner årsmelding for kontrollutvalet for 2015.

PS 24/16 Konsekvensar for vedteke budsjett for kontroll- og tilsynsarbeid - søknad om ekstraløyving

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet ber kommunestyret vurdere kontrollutvalet sitt budsjett for 2016 på nytt ut frå konsekvensane som er skildra i saka.

- A. Skal kontrollutvalet kun gjennomføra pålagt arbeid med gjennomføring av planar for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll i 2016 ?
- B. Skal kontrollutvalet redusere antall møter i 2016 slik at ein held seg innanfor ramma som gjenstår her på kr 70.000,- ?
- C. Om kommunestyret vil at kontrollutvalet skal få gjennomføra eit minimum av dei oppgåvene som er pålagt i 2015, og dei møter ein har planlagt, ber kontrollutvalet om at kommunestyret løyver kr 50.000,-.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 20.04.2016

Handsaming i møtet:

Ordførar var tilstades under drøftinga av saka. Det vart teke opp at generelt er det er ei utfordring å få ei god forståing av disposisjonar som skal gjerast i budsjettarbeidet, og at budsjett-dokument er vanskeleg å lesa og setja seg inn i. Det kom og fram at det er gjeve feil opplysning om at: *«Det kom ikkje framlegg om å auka budsjettet.»* til kontrollutvalet under budsjetthandsaminga i kommunestyret. Framlegg om å auke KUV-budsjettet var med i eit fellesforslag om auke / endring av nokre postar, men det vart ikkje fleirtal for fellesforslaget.

Kontrollutvalet drøfta saka og det var semje om at utvalet bør leggja opp til å gjennomføra eit minimum av pålagde oppgåver i 2016. Det er planlagt 5 møter totalt i 2016, og det er heilt naudsynt at dei to planlagde møta til hausten må gjennomførast for å få fullført arbeidet med planar for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kontrollutvalet ber kommunestyret vurdere kontrollutvalet sitt budsjett for 2016 på nytt ut frå konsekvensane som er skildra i saka.

- A. Skal kontrollutvalet kun gjennomføra pålagt arbeid med gjennomføring av planar for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll i 2016 ?
- B. Skal kontrollutvalet redusere antall møter i 2016 slik at ein held seg innanfor ramma som gjenstår her på kr 70.000,- ?
- C. Om kommunestyret vil at kontrollutvalet skal få gjennomføra eit minimum av dei oppgåvene som er pålagt i 2016, og dei møter ein har planlagt, ber kontrollutvalet om at kommunestyret løyver kr 50.000,-.

PS 25/16 Referatsaker

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 20.04.2016

Handsaming i møtet:

- RS 5/16 - Utvalet sitt kvarter. Det var ingen saker å ta opp under utvalet sitt kvarter.
- RS 6/16 - Budsjettbrev for Samnanger kommune frå Fylkesmannen vart gjennomgått og teke til orientering.
- RS 7/16 - Avisartikkel frå Kommunal Rapport vedr. Samnanger kommune sitt budsjett. Ordførar orienterte om at i etterkant av oppslaget i KR er det kalla inn til ekstraordinært formannskapsmøte, der sak om å kjøpa ei økonomisk analyse om ressursbruken i Samnanger kommune vart handsama. Det er kun henta inn eit tilbod – frå Agenda Kaupang, og resultatet skal leggst fram på møte i formannskapet 28.04.16. Kontrollutvalet stilte spørsmål om framgangsmåten i saka, om bruk av hasteparagrafen og om fråviking av kommunen sitt innkjøpsreglement. Det var semje om å kommentera vedtaket i formannskapet nærmare under PS 26/16. Kontrollutvalet tok ellers informasjonen til orientering.
- RS 8/16 - Avisartikkel frå Samningen vedr. kjøp av konsulethjelp vart kort kommentert og teke til orientering.
- RS 9/16 - Rekneskapoversyn pr. 12.04.16 for KUV-budsjett vart kort gjennomgått og teke til orientering.
- RS 10/16 - Kontrollutvalet sin møterett i generalforsamlingar – gjennomgått og teke til orientering.

Vedtak:

Referatsakene vart teke til orientering.

PS 26/16 Gjennomgang av møteprotokollar frå andre utval

Forslag til innstilling/vedtak

Kontrollutvalet tek møteprotokollane til orientering.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 20.04.2016

Handsaming i møtet:

Aktuelle protokollar frå andre politiske utval vart gjennomgått og kommentert. Kontrollutvalet merka seg vedtak som er gjort i formannskapet vedr. sak «Tilbod på økonomiske analyse om ressursbruken i Samnanger kommune». Ordførar opplyste at vedtak er gjort ut frå «hasteparagrafen» (§ 13 i Kom.love), men dette er ikkje ført i protokollen etter møtet. Kontrollutvalet vil oppmoda gruppa som arbeider med delegeringsreglement for Samnanger kommune om å drøfte bruk av hasteparagrafen.

Det var eller ingen saker kontrollutvalet ville sjå nærmare på nå.

Vedtak:

1. Kontrollutvalet oppmodar gruppa som arbeider med delegeringsreglement for Samnanger kommune om å drøfte bruk av hasteparagrafen (§ 13 i Kom.love).
2. Kontrollutvalet tek ellers møteprotokollane til orientering.

PS 27/16 Eventuelt

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 20.04.2016

Handsaming i møtet:

1. Oppfølging av tilsyn med NAV-Samnanger – svar frå kommunen og tilbakemelding frå Fylkesmannen om evt. lukking av avvik, vil bli lagt fram på neste møte i kontrollutvalet.
2. Rapport etter tilsyn med barnevern-, helsestasjons- og skulehelseteneste og psykisk helse vart delt ut og gjennomgått. Fylkesmannen har ingen ting å merka etter tilsynet. Kontrollutvalet tok rapporten til orientering.
3. Dokument – krav om tilsynssak for Samnanger kommune vart delt ut og kort gjennomgått. Dokumentet er oversendt frå ordførar til sekretariatet med førespurnad om sekretariatet / kontrollutvalet har råd til korleis saka skal følgjast opp. Konklusjon etter drøfting blei at kontrollutvalet ikkje ønskjer å gå nærmare inn i denne henvendinga. Det let seg heller ikkje gjera innanfor dei ressurs-rammene som er til rådighet for 2016. Dokumentet vart difor teke til orientering.

Vedtak:

Kontrollutvalet tek sakene som er teke opp under eventuelt til orientering.

PS 28/16 Konkurransetsetting av revisjonstenester for Samnanger kommune - Val av revisor

Forslag til innstilling

Kommunestyret i Samnanger kommune vel som revisor frå 01.07.2016 til 30.06.2020.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 20.04.2016

Handsaming i møtet:

Kari Nygard frå sekretariatet orienterte om resultatet av evalueringa av dei innkomne tilboda. Det vart og referert frå gjennomgang og drøfting i førre møte om evalueringa.

Innstillinga i saka var samrøystes.

Innstilling:

Kommunestyret i Samnanger kommune vel Deloitte AS som revisor frå 01.07.2016 til 30.06.2020.